



Kelly Ann Thunold
Husebøvegen 108
5917 ROSSLAND

Referanser:
Dykkar:
Vår: 14/1877 - 14/7775

Saksbehandlar:
Laila Bjørge
laila.bjoerge@meland.kommune.no

Dato:
19.05.2014

Godkjenning fritak gjødselplan gbnr 54/4 på Husebl

Administrativt vedtak. Saknr: 128/2014

Saksutgreiing:

Kelly Ann og Georg Thunold driv gbnr. 54/4 på Husebø og har 24.04.14 søkt om fritak for gjødselplan på grunn av ekstensiv drift. Dei driv med villsau og dyra går i ute heile året. Sauene har høve til å gå inn i driftsbygningen, der dei har foringsplass om vinteren. Det er difor lite husdyrgjødsel som vert produsert inne, søkjarane oppgjer at det er om lag 1 m³ fast gjødsel som dei spreier på bøen. Det vert ikkje nytta handselsgjødsel på bruket. Bruket har eit jordbruksareal på 28,5 daa og har 21 vinterfora sauer pr. 31.12.2013.

Vurdering:

I forskrift om gjødselplanlegging står det i § 5 at kommunen kan etter søknad frå føretaket dispensera for kravet om gjødselplan for føretak som vert drive svært ekstensivt. Gjødslinga skal vera under 50 % av normgjødsling.

Det vert i dag ikkje brukt gjødsel på bruket. Bruket er lite, har få gjødseldyreiningar og stort nok areal i høve til dyretalet. Kommunen har difor ingen merknader til at det vert gitt dispensasjon frå krav om gjødsel plan i 5 år.

Vedtak

”Meland kommune gjev med heimel i § 5 i forskrift om gjødselplanlegging dispensasjon frå kravet om gjødselplan i 5 år fram til 20.05.2019. for gnr. 54, bnr. 4, då bruket er ekstensivt drive. Dersom det i løpet av desse 5 åra er endringar i areal, dyretal eller nytta gjødselmengde slik at føresetnadane for dispensasjon vert endra, må det fremjast ny søknad.

Vedtaket kan påklagast etter Forvaltningslova § 28, jf vedlagte skjema.<skriv vedtak her>

Med helsing

Anny Bastesen
sektorsjef teknisk

Laila Bjørge
landbrukssjef

Mottakere:

Kelly Ann Thnunold

Husebøvegen 108 5917

ROSSLAND